

## Retningslinjer for besøk ved institusjonane

### Avtal før besøk

Besøk skal avtalast med den aktuelle avdeling i forkant:

Kvar	Ring og avtal på tlf.	Besøka innandørs vil skje på romma til pasienten.
Sjukeheimen i Valldal	418 67 977	
Stordalstunet	418 67 963	
Loftet i Valldal	418 67 976	
Skjerma avdeling i Stordal	418 67 966	
Døgnbemanna omsorgsbustad i Valldal	418 67 982	
Døgnbemanna omsorgsbustad i Eidsdal	418 67 983	
Døgnbemanna omsorgsbustad i Stordal	418 67 962	

### Reglar

- Møt opp til avtalt tidspunkt. Gjeldande rutinar og smittevernråd skal følgast.
- Tilsette vil avklare smittestatus når du kjem.
- Du skal vere heilt frisk og ikkje vere i karantene. (Besøkande som har hatt symptom med feber, sår hals og hoste dei siste 10 dagane kan ikkje kome på besøk). Unntak kan vurderast i nokre tilfelle.
- Det blir ført protokoll med tidspunkt, namn og telefonnummer for alle besøkande som ledd i eventuell smittesporing. Loggen blir oppbevart i 10 dagar (inkubasjonstida)
- Du går rett til pasientrommet når du kjem.
- Det er ikkje høve til å opphalde seg i fellesareal.
- Sprit deg ved inngangen, og vask hender på pasientrom når du kjem og går.
- Det skal utførast handhygiene når gjestar kjem og reiser.
- Dersom veret og helsa til pasienten tillèt dette, kan ein ta ein tur med pasienten – men unngå områder med mykje folk (kafe, butikk mv)
- Pårørande skal gå rett til pasientrom.
- Gjestane bør halde 1 meter avstand til pasienten og ikkje ha fysisk kontakt.
- Bebuarar kan ta imot mat/drikke, gåver og blomar. Følg smittevernreglar og hindre indirekte kontaktsmitte
- Pleiarane er ansvarleg for å sprite kontaktpunkt etter besøk.

**Besøkande som har vore i Bergen, Oslo eller Viken, Østfold og Rogaland fylke, eller utanfor Norge må vente 10 dagar etter heimkomst før besøk, eller vise til to negative koronatestar.**

**Pårørande som har besøk frå smitteutsette område kan ikkje kome på besøk på institusjonane før besøket er bekrefta friske, eller 10 dagar etter at besøket kom hit.**

Sjå elles informasjon på [helsedirektoratet sine nettsider](#).